Henning (40) lanserer appen Bagheera

Det finst ein app for alt, seiest det av og til. Men Henning Andersen oppdaga at dét ikkje stemte. Derfor gjekk han i gang med å laga ein som kunne dekka både hans eige behov og, trur han, veldig mange andre sitt.

Keth Odland
keth.odland@dalane-tidende.no

Kor stor er sjansen for at ein boredekksarbeidar i nordsjøturnus kjenner på eit stort sakn etter ein app som kan skaffa deg oversikt over alt som finst av kulturarrangement på den plassen der du til ei kvar tid oppheld deg? Neppe veldig stor. I så måte er Henning Andersen i Bjerkreim eit uvanleg tilfelle.

– Eg har i mange år irritert meg over at det ikkje har funnest ein slik app. Eg er glad i å gå på konsertar, teater og andre kulturarrangement, men har opplevd at det er veldig vanskeleg å få oversikt over kva som skjer. Er eg i Bergen, Oslo, Stavanger, ja uansett kor eg måtte vera, så pleier eg å googla for å finna ut om det er nokon arrangement som kan freista, men alltid har eg følelsen av at det er mykje eg går glipp av, seier han.

Tok skeia i eigne hender

I fjor sommar bestemde han seg.

– Eg fann rett og slett ut at eg ville laga min eigen app. Det første eg gjorde, var å skriva ned alle tankane mine om korleis ei slik teneste burde fungera og sjå ut. Så presenterte eg ideen for Appivate AS, eit lite firma i Bergen bestående av to utviklarar som tilbyr profesjonell hjelp til å skreddarsy og designa appar. Me skreiv kontrakt, og i desember starta dei bygginga av den nye tenesta. Nå ventar me bare på dei siste godkjenningane frå Apple, opplyser Andersen.

22. april skal appen vera klar, men først 1. juni skal han lanserast.

– Me har ikkje lyst å lansera ein tom app. Tida fram til 1. juni skal me bruka til fylla han med innhald.


Kva skal barnet heita?

I forbindelse med prosjektet sitt oppretta Henning Andersen foretaket Kultura AS. Men til appen måtte han finna eit anna namn.

– Det er ikkje ei enkel sak å koma opp med eit namn som fungerer. For det første må du finna eit ledig domene. «Kultura» var i bruk frå før. Me landa på Bagheera, smiler appgründeren.

– Bagheera som i «Jungelboken», altså? Kva er linken til «Jungelboken»?

– Det er ikkje nokon annan link enn uttrykket «Hva skjer 'a, Bagheera?» Me måtte velja same skrivemåten som i «Jungelboken». «Baghera», for eksempel, var ikkje ledig.



«HVA SKJER 'A» – I BERGEN?: Slik vil appen kunna visa kor det skal vera arrangement innanfor eit gitt område, i dette tilfellet i Bergen.

Førstepri: Brukarvennleg

– Forklar enkelt korleis appen skal fungera og brukast?

– Tenesta består av både ei nettside og ein app. Som arrangør må du inn på nettsida og oppretta ein brukar og velja eit abonnement. Abonnementsprisane varierer frå 49 til 499 kroner i månaden alt etter kor ofte du arrangerer noko. Når eit arrangement blir oppretta, blir det knytt til ein lokasjon, som blir eit punkt på kartet, og det blir knytt opp til ulike søkekriterium, for eksempel konsert, teater, quiz og liknande. Å bruka appen er gratis, og søket i appen kan filtrerast. Skal du for eksempel til Bergen ei helg, kan du filtrera ut aktuelle datoar, lokasjon og kva type arrangement du er interessert i. Resultatet av søket får du både i form av ei liste og som adresser på kartet.

Han legg til:

– Det har vore viktig for meg å laga ei teneste som er enkel og brukarvennleg.

– Liten innsats, stor nytte

– Korleis skal du få arrangørar til å abonnera på Bagheera?

– Det blir sjølvsagt bøygen som me må koma oss rundt. Me må overbevisa arrangørar om den store nytteverdien av tenesta. Når me opererer med så låg abonnementspris som me gjer, og når det er så enkelt å oppretta eit arrangement, så er kostnadene så små at dei ofte vil vera dekte inn ved at bare éin ekstra person dukkar opp på arrangementet.

– Men arrangørane må vita om tenesta?

– Ja, det må dei. Me skal bruka tida mellom 22. april og 1. juni til å ta kontakt med arrangørar – så mange som mogleg. Me begynner med Bergen, sidan Appivate held til der, og Rogaland. På sikt er målet å dekka heile landet.

Sjølvsagt skulle me gjerne hatt meir midlar til marknadsføring, så me prøver å knyta til oss sponsorar. Apputviklarane ønskte å vera med på eigarsida i Kultura AS. Det tar eg som eit teikn på at dei har stor tru på prosjektet. Dei er veldig gode å ha med på laget og har stor kompetanse når det kjem til å vera synlege på Google.

Frå Laksebørsen til Ole Bull Scene

Store kulturaktørar i Bergen har alt meldt si interesse for Bagheera.

– Me har blant anna vore i kontakt med Ole Bull Scene og Det Vestnorske Teater. Begge er veldig positive og ønsker å bli kontakta når alt er oppe og går, seier Henning Andersen.

– Viss spørsmålet er «hva skjer 'a» på bedehuset på Bjerkreim? Er dét relevant for Bagheera?

– Ja, absolutt. Denne tenesta er for både stort og smått. Det finst til og med ein eigen kategori for religiøse arrangement. Sjølv er eg involvert i Quizen på Laksebørsen. Sjølvsagt vil det bli registrert på Bagheera når me skal arrangera quiz.

Langt fram til jobbskifte

I første omgang har ikkje 40-åringen tenkt å slutta som assisterande borar i Nordsjøen.

– Eg skal behalda jobben min. Nå i starten har Kultura AS verken tilsette eller kontorlokale. Fordelen med dét er at alt som etter kvart kjem inn av inntekter, går tilbake til vidareutvikling og marknadsføring av tenesta. Men viss Bagheera blir ein stor suksess, som eg sjølvsagt håper, vil det måtta brukast mykje tid på prosjektet. Det ligg uansett eit godt stykke fram i tid at dette kan erstatta ein offshorejobb.

– Kva er drivkrafta di?

– Som sagt har eg sjølv sakna ein app som dette, og eg synest eigentleg det er veldig rart at ingen har gjort dette før. For meg er det kjekt å vera med å skapa noko som folk, inkludert meg sjølv, kan ha nytte av. Samtidig kan det kanskje bidra til å få fleire ut på kulturelle arrangement. Kulturlivet har jo ikkje greidd å reisa seg heilt etter pandemien ennå.

Politisk skulderklapp

Det er ikkje bare han sjølv og store kulturaktørar i vestlandshovudstaden som synest prosjektet til Henning er spennande. I sist møte i utvalet for landbruk, miljø og teknikk (LMT) i Bjerkreim blei søknaden hans om etablerarstøtte samrøysta innvilga. I tråd med landbrukssjef Gerd Siqveland Engelsgjerd si innstilling vedtok utvalet å løyva 30.000 kroner til etablering og utvikling av Kultura AS. Dette er 5.000 meir enn tilskota som blei løyvde til to nyetablerte firma i fjor.

– Spennande og interessant prosjekt, men òg ambisiøst i ein svært krevande bransje, meinte landbrukssjefen om Bagheera, og oppfordringa hennar om å heia på gründerånd og initiativ ved å gi Henning Andersen ei påskjønning og klapp på skuldra blei altså følgt opp av politikarane.